



Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

EKSAMEN

**6054
Logistikk**

16.05.2013

Tid: 4 timer

Målform: Bokmål/nynorsk

Sidetal: 3 (inkl. framsida)

Hjelpe middel: Ingen.

Merknader: Deloppgåvene har ulik vekt. Sjå kvar deloppgåve. Hugs å disponere tida i tråd med vektlegginga.

TA DEI FØRESETNADENE DU FINN NAUDSYNT!!!

Vedlegg: Ingen

Eksamensresultata blir offentliggjort på Studentweb.

Oppgave. (Bokmål)

I Lierbygda mellom Drammen og Oslo er det mange gartneri som er spesialister på potteplanter. En av eierne har i tillegg til gartnerutdanninga også tatt kurs i markedsføring. Det er etter dette kurset han fikk en idé til et nytt produkt. Han fant ut at potteplanter, som tradisjonelt har blitt solgt gjennom blomsterbutikker, også kan selges gjennom andre butikker dersom en har et system for å gjøre arbeidet med/stellet av plantene enkelt. Han tenker seg at plantene kan bli pakka i en fin kartong, som en gaveartikkel. I et utenlandsk hagetidsskrift kommer han over ei plastpotte som er lagd slik at en kan fylle på nok vann til at potteplantene kan holde seg i tre uker hvis de blir lagra i romtemperatur og i fem uker ved temperaturer mellom +5 og +10 grader Celsius.

Sammen med seks andre produsenter tar han kontakt med en kartongleverandør. Denne leverandøren har kommet fram med en løsning som tar seg godt ut og som passer til plastpottene de får kjøpt i Nederland. Det er bare et problem med kartongen, og det er at når en først har lukka den og har hatt vann i potta, er det svært vanskelig å åpne den igjen uten at pappen blir ødelagt. Når en har pakka planta i kartongen med vann i potta, er det derfor lite aktuelt for butikkene å prøve å forlenge lagringstida ved å åpne kartongen og fylle på mer vann.

Produsentene har ikke endelig fastlagt hvilke distribusjonskanaler de skal gjøre bruk av, men er åpne for forslag fra deg. Du bør skissere minst to ulike alternative typer butikker. Som råvarer kan du rekne plastpotter fra Nederland, gavepakninger i papp fra en norsk kartongfabrikk, større kartonger med plass til 6 gavepakninger fra samme leverandør, blomstergjødsel og potteplanter fra de sju produsentene i Lier.

- 1) (Vekt 40 %) Lag et flytdiagram for et logistikksystem for dette produktet og kommenter de ulike elementa.
- 2) (Vekt 10 %) Diskuter særlig alternativer:
 - distribusjonskanaler
 - lagertyper
 - transportformer
 - transformasjonssteder
- 3) (Vekt 20 %) Når en skal fastlegge et logistikksystem, må en gjøre mange vurderinger og avveininger. Det er ikke så lett « å få både i pose og sekk ». Gjør greie for de viktigste kriteria en bruker i vurderinger av logistikksystem, og gi eksempel på en avveining der mer av noe kan innebære noe mindre av noe annet.
- 4) (Vekt 20 %) Grei ut om hvorfor innkjøp har blitt viktigere og viktigere for moderne bedrifter, og hva en bør legge vekt på ved valg av leverandører.
- 5) (Vekt 10%) Gjør greie for følgende begrep:
 - Postponement
 - Spekulasjon
 - Crossdockning

Oppgåve. (Nynorsk)

I Lierbygda mellom Drammen og Oslo er det mange gartneri som er spesialistar på potteplanter. Ein av eigarane har i tillegg til gartnarutdanninga også tatt kurs i marknadsføring. Det er etter dette kurset han fekk ein idé til eit nytt produkt. Han fann ut at potteplanter, som tradisjonelt har blitt selde gjennom blomsterbutikkar, også kan seljast gjennom andre butikkar dersom ein har eit system for å gjøre arbeidet med/stellet av plantene enkelt. Han tenkjer seg at plantene kan bli pakka i ein fin kartong, som ein gáveartikkkel. I eit utanlandsk hagetidsskrift kjem han over ei plastpotte som er laga slik at ein kan fylle på nok vatn til at potteplantene kan halde seg i tre veker om dei blir lagra i romtemperatur og i fem veker ved temperaturar mellom +5 og +10 grader Celsius.

Saman med seks andre produsentar tek han kontakt med ein kartongleverandør. Denne leverandøren har kome fram med ei løysing som tek seg godt ut og som passar til plastpottene dei får kjøpt i Nederland. Det er berre eit problem med kartongen, og det er at når ein først har lukka den og har hatt vatn i potta, er det svært vanskeleg å opna han att utan at pappen blir øydelagd. Når ein har pakka planta i kartongen med vatn i potta, er det difor lite aktuelt for butikkane å prøve å forlenge lagringstida ved å opne kartongen og fylle på meir vatn.

Produsentane har ikkje endeleg fastlagt kva distribusjonskanalar dei skal gjøre bruk av, men er opne for framlegg frå deg. Du bør skissere minst to ulike alternative typar butikkar. Som råvarer kan du rekne plastpotter frå Nederland, gávepakningar i papp frå ein norsk kartongfabrikk, større kartongar med plass til 6 gávepakningar frå den same leverandøren, blomsterkjødsel og potteplanter frå dei sju produsentane i Lier.

- 1) (Vekt 40 %) Lag eit flytdiagram for eit logistikksystem for dette produktet og kommenter dei ulike elementa.
- 2) (Vekt 10 %) Diskuter særleg alternative:
 - distribusjonskanalar
 - lagertypar
 - transportformer
 - transformasjonsstader
- 3) (Vekt 20 %) Når ein skal fastlegge eit logistikksystem, må ein gjere mange vurderingar og avvegingar. Det er ikkje lett «å få i både pose og sekk». Gjer greie for dei viktigaste kriteria ein nyttar i vurderingar av logistikksystem og gi døme på ei avveging der meir av noko, kan innebere mindre av noko anna.
- 4) (Vekt 20 %) Grei ut om kvifor innkjøp har blitt viktigare og viktigare for moderne bedrifter, og kva ein bør leggje vekt på ved val av leverandørar.
- 5) (Vekt 10%) Gjør greie for disse omgrepene:
 - Postponement
 - Spekulasjon
 - Crossdocking